


Halsabrotet-planane i siste runde

16.04.2012



B 17 er planen til Bjørnebøle og Huglen

Etter ein lang prosess går no handsaminga av dei to Halsabrotet-planane inn i siste runde i kommunen. Begge skal opp i forvaltningskomiteen onsdag og det legg an til eigengodkjenning i kommunestyret 26. april.

Øvre Halsabrotet har Magne Huglen og Erlend Bjørebøle som grunneigarar medan Kvinnherad Bygg fremmer planen for Nedre Halsabrotet.

Administrasjonen seier om planen for øvre del at den er i tråd med komunedelplanen. Endringane er mindre og aukar kvaliteten.

I siste omgang kom 7 merknadar frå ofentlege instansar og private grunneigarar.

Det vart ikkje fremja motsegn, men NVE oppmoda og kommunen sette krav til geologisk undersøkjing i samband med ras i nordaust og snøras i søraust.

Til den andre planen har det også kome 7 merknadar men det vart ikkje fremja motsegn. Ein nabo var btenkt over mønehøgd og takform. Også her er endringane mindre og aukar kvaliteten til planen.

Av Ola Matti Mathisen